

# ORDENSREGLEMENT

## Ordensreglement for Tryggheim Strand

### § 1 Føremål.

Ordensreglementet er fastsett med heimel i Friskolelova §3-9 første ledd.

Føremålet med reglementet er å bidra til å skape læring, tryggleik, trivsel, respekt og toleranse. Reglementet skal fremje god orden og gode arbeidsvanar og slik leggje til rette for eit godt læringsmiljø. Reglementet fastset rettane til eleven, plikter, orden og åtferd, sanksjonar ved brot på reglementet og sakshandsaming ved sanksjonar.

Guds Ord og kristen etikk er grunnlaget for norm og liv og arbeid i skulen. Vi ventar at alle elevane aktivt tek del i å byggje opp eit triveleg og godt miljø ved skulen, både ved åtferd, orden i arbeid og sosiale aktivitetar.

### § 2 Verkeområde.

Reglementet gjeld for alle elevar ved skulen i undervisningstida, i fritid på skulen og ved arrangement utanfor skulen under skulen si leiing og ansvar, eller der skulen på annan måte er involvert.

Når det gjeld mobbing eller andre krenkingar, kan grensene mellom skule og fritid bli utviska. Sjølv om krenking eller mobbing skjer utanfor skulen sitt område og utanfor skuletida, vil desse kunne sanksjonerast etter skulen sitt ordensreglement dersom dei har sterk nok tilknytning til skulen og skulemiljøet. Mobbing eller andre krenkingar som skjer utanfor skuletida og som har starta i ein skulesituasjon eller sett preg på denne, vil difor kunne omfattast av ordensreglementet<sup>1</sup>.

### § 3 Rettar og plikter for elevane.

Eleven har rett på opplæring, hjelp og rettleiing i samsvar med dei føresegnene som til ei kvar tid gjeld for skuleslaget.

---

<sup>1</sup> <https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/finn-regelverk/etter-tema/Laringsmiljo/OrdensreglementUdir-8-2014/6-Nar-gjelder-ordensreglementet/>

Eleven pliktar å rette seg etter avgjersler i lovar og forskrifter samt skulen sitt reglement og instruksar.

Eleven har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremmar helse, trivsel og læring. Dette fører til at eleven og, i samarbeid med skulen, har plikt til å vere med å skape eit trygt og godt skulemiljø som fremmar helse, trivsel og læring.

Eleven/føresette er pliktige til å betale skulepengar.

## **§ 5 Orden.**

Elevane skal ha god orden. God orden er å:

- Møte presis på skulen og til undervisninga (fråver over 20 minutt blir rekna som fråver frå enkelttime)
- Delta aktivt i opplæringa slik at læraren får grunnlag for å vurdere eleven sin kompetanse i faget
- Melde frå om planlagd fråver i god tid (sjå eige permisjonsreglement)
- Gjere greie for umeldt fråver til kontaktlærer innan første skuledag etter fråver
- Ha skulesakene i orden
- Halde skulen sitt område reint og ryddig. Vi brukar innesko inne og utesko ute
- Ha med læremiddel og utstyr som trengst.
- Bruke hjelm på sykkelurar og flytevest på turar i båt. Dette gjeld alle klassar. Flytevestar skal også brukast på turar ved sjø/vatn når skulen vurderer det nødvendig.
- Gjere arbeidet sitt så godt ein kan og levere til rett tid
- Ha med skriftleg melding frå føresette når ein av nødvendige grunnar er ubudd eller ikkje kan ta del i visse aktivitetar slik som kroppsøving. Fritak frå kroppsøving i lengre periodar krev legeattest.
- Halde seg orientert om informasjon som blir gitt på skulesamlingar, i klassen, på heimesida eller på læringsplattforma. Her kan det bli gitt nærare presiseringar om fråversordning, permisjonsreglement, reglar ved turar eller ekskursjonar og evt. andre presiseringar.

## **§ 6 Åtferd.**

Elevane skal ha god åtferd. God åtferd er å:

- Være hyggelege, respektfulle og høflege mot kvarandre
- Seie i frå til ein vaksen dersom nokon blir plaga eller har det vanskeleg.
- Rette seg etter læraren eller ein annan tilsett si avgjersle
- Vere roleg og følgje klassereglane
- Ikkje banne eller bruke anna grovt språk
- Ikkje mobba eller på andre måtar krenkje andre fysisk, psykisk, verbalt eller digitalt
- Ikkje vere valdeleg eller koma med trugsmål
- Vise respekt for det skulen eig og det som høyrer andre til

- Halde seg på skuleområdet
- Bruke PC, eller liknande , i samsvar med skulen sine reglar for bruk av desse (dei som har leigeavtalar har plikt til å handsame/bruke desse etter dei avtalane som er bestemt )
- Ikkje bruke mobiltelefonar eller anna elektronisk kommunikasjonsutstyr i skuletida. Desse skal være innstilt på lydlaust og skal leggest på bestemt plass i klasserommet. (Unntak etter avtale med faglærar)
- Ikkje ta bilete av andre utan samtykkje, eller publisere bilete utan samtykkje.
- Ikkje røyke, snuse eller vere påverka av rusmidlar.
- Ikkje ta med tobakk, snus eller rusmidlar.
- Ikkje ha med farlege gjenstandar, til dømes kniv, lighter og liknande.
- Ikkje fuske eller prøve å fuske på prøver eller innleveringar Som fusk vert rekna:
  - å ha med eller bruke hjelpemiddel som ikkje er tillatne
  - å hjelpe eller kommunisere med andre i vurderingssituasjonar
  - å bruke andre sine tekstar heilt eller delvis utan å gje opp kjelde
- Vere på skulen og ta del i undervisninga heile skuledagen.

## § 7 Sanksjonar.

Ved brot på ordensreglementet kan skulen nytte desse tiltaka:

- Munnleg eller skriftleg påtale frå tilsette ved skulen
- Alternativt tilsyn eller opphald på tilvist plass i friminutt eller skuletimar.
- Bortvising resten av skuledagen (Ansvar: rektor)
- Bortvising inntil 3 skuledagar (Ansvar: rektor)
- Pålegg om å rette opp skade som er gjort på skulen sin eigedom eller det skulen eig , evt. erstatte skade.
- Ved fusk skal fylgjande reaksjonsformer nyttast: Eleven får merknad, det blir sendt varsel om fare for nedsett karakter i åtferd og prøven blir annullert. I alvorlege tilfelle kan karakteren i åtferd setjast ned direkte.
- Inndraging av mobil, tobakk, alkohol eller anna utstyr som er forbode iflg regelverket. Føresette til umyndige elevar vil bli varsla ved inndraging av rusmiddel, tobakk og/eller alkohol.
- Ulovlege gjenstandar, til dømes våpen og narkotika, skal gjevast over til politiet.
- Straffbare handlingar vil bli meldt til politiet.

Bruk av fysisk makt er ikkje ein lovleg sanksjon. § 47 og § 48 i straffelova gjer likevel skulen sitt personale til ein viss grad moglegheit til å bruke fysisk makt for å hindre at elevar skadar seg sjølv eller andre, eller skader eigedom. Dei tilsette kan i einskilde situasjonar ikkje berre ha rett men og plikt til å gripe inn i trugande situasjonar ovanfor elevar. Ei slik plikt vil ikkje gjelde dersom det å gripe inn vil vere til fare for helse til den tilsette.

## **Nedsett karakter i orden eller åtferd<sup>2</sup>.**

For å sette karakter i orden og åtferd har skulen eit system for merknader, for å halde orden på et heilskapsbilete av eleven og for å gje eleven ei åtvaring. Bruk av merknader er ikkje sanksjon, men loggføring av regelbrot.

Gjentekne brot på ordensreglementet kan føre til nedsett karakter i orden eller åtferd. Normalt sett vil ikkje einskildhendingar vere avgjerande for karakter. Elev og føresett vil bli varsla ved fare for nedsett karakter.

## **Skulebyte( evt Byte av skule).**

Når omsynet til dei andre elevane tilseier det, kan ein elev i særlege høve flyttast til ein offentleg skule i heimkommunen, j.fr. Friskolelova, § 3-3. I slike høve legg skulestyret fram saka for heimkommunen, og heimkommunen gjer vedtak om dette. Departementet er klageinstans i slike høve.

## **§ 8 Sakshandsaming.**

- Oversikt over brot på reglementet skal være kjent for eleven. Desse skal vere grunnlag for fastsetjing av karakter og tiltak.
- Det skal førast notat over tiltak, grunngjeving av tiltak og evt. samtalar med elev/føresett.
- Viser ein elev alvorlege eller gjentekne brot på reglementet, skal skuleleiinga kalle eleven inn til samtale og gi påtale og åtvaring. Viser eleven nye brot på reglementet, skal skuleleiinga halde kontakt med eleven og eleven sine føresette.
- Ved brot på reglementet som kan føre til bortvising for meir enn to klokketimar og som fører til at eleven blir sendt heim, skal dei føresette bli varsla før tiltak vert sett i verk.

## **Eleven sine rettar.**

- Eleven har rett til å uttale/forklare seg for han/ho som avgjer tiltak.
- Før tiltak som eleven har klagerett på vert sett i verk, skal skulen vurdere andre og mildare tiltak.
- Eleven har rett til skriftleg grunngjeving av tiltak som han/ho har klagerett på.
- Eleven har rett til opplysningar om klagerett og klagefristar.
- Eleven har normalt rett til å få bortvisinga utsett til etter klagehandsaming .
- Eleven har rett til å ha med føresett eller ein annan person i møte med rektor.

---

<sup>2</sup> <https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/finn-regelverk/etter-tema/Laringsmiljo/OrdensreglementUdir-8-2014/9-Hvilke-sanksjoner-kan-innfores-for-brudd-pa-ordensreglementet/>

**Tiltak som er enkeltvedtak og som kan klagast på.**

- Bortvising for inntil 3 skuledagar frå skulen. Klageinstans: Departementet v/Fylkesmannen – frist 3 veker
- Tilbakeføring av elev til offentleg skule. Klageinstans: Departementet v/Fylkesmannen – frist 3 veker

Vedteke styret 29.01. 2019